



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
70/2016	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	13.06.2016
60/2016	Kommunestyret	PS	27.06.2016

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Ann Kristin Bolstad	FA - A00	15/349

SKULESTRUKTUR I VAKSDAL

Vedlegg:

Utgreiing av skulestrukturen i Vaksdal kommune

Skulebruksplan 2015 - 20130

HØYRING SKULESTRUKTUR I LEVEKÅR

SKULESTRUKTUR I VAKSDAL

SKULESTRUKTUR I VAKSDAL

Nærare om befolkningsutvikling mm

MELDING OM VEDTAK - SKULESTRUKTUR I VAKSDAL KOMMUNE - UTTALE FRÅ LEVEKÅR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Alt. 1 Skulestrukturen i Vaksdal vert endra til ein skule for 1. – 10. årssteg på Dale og ein skule for 1. – 10. årssteg i Eksingedalen. Endringane vert iverksett slik:

1. Elevar frå Eidslandet krins får skuleplass i Vaksdal frå skuleåret 2017/2018
2. Elevar frå Stamnes skule får skuleplass på Dale barne- og ungdomsskule frå skuleåret 2017/2018
3. Det vert oppretta ein mottaksklasse for minoritetspråklege elevar frå heile kommunen ved Dale barne- og ungdomsskule frå skuleåret 2017/2018
4. Elevar frå Stanghelle skulekrins får skuleplass ved Dale barne- og ungdomsskule frå skuleåret 2019/2020. Iverksetjing føreset vedtak om nytt skulebygg og at det er ferdigstilt
5. Elevar frå Vaksdal skulekrins får skuleplass ved Dale barne- og ungdomsskule skuleåret 2019/2020. Iverksetjing føreset vedtak om nytt skulebygg og at det er ferdigstilt
6. Forskrift om skulekrinsar i Vaksdal vert handsama i eiga sak når skulestrukturen er endeleg vedteke

Alt. 2 Skulestrukturen i Vaksdal kommune vert ikkje endra frå skuleåret 2017/2018. Kjøp av elevplassar frå Modalen kommune vert avslutta etter skuleåret 2016/2017 og elevane vert frå hausten 2017 tilbakeført til eigen kommune.

Skulestrukturen i Vaksdal vert tatt opp til ny vurdering dersom elevtal eller rammevilkår endra seg slik at det faglege tilbodet vert svekka utover det som ligg i økonomiplan 2016-2019 eller etter oppdrag frå politisk nivå. Forskrift om skulekrinsar i Vaksdal vert handsama i eiga sak når skulestrukturen er endeleg vedteke.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 70/2016

FPØ - Behandling:

Framlegg frå Kjartan Haugsnes på vegner av SV, KRF, H:

1. *Kommunestyret vel alternativ OB og ber administrasjonen arbeida vidare med dette alternativet som inkluderer ny Barne- og ungdomsskule på Dale og nytt tilbygg på Vaksdal skule.*
2. *Kommunestyret ber om at endeleg val av tomt og kostnadskalkyle for ny Dale barne- og ungdomsskule, samt nytt tilbygg på Vaksdal skule vert å handsame samstundes og lagt fram for endeleg vedtak i budsjett for 2017.*

Framlegg frå Magne Hestad, AP:

A. Vaksdal kommunestyre føretek følgjande endringar i skulestrukturen:

1. *Elevane på barnesteget på Eidsland vert overført til Stamnes skule f.o.m. 01.08.2017.*
2. *Elevane på ungdomsteget på Eidsland vert overført til Dale barne- og ungdomsskule f.o.m. 01.08.2017.*
3. *Elevane på mellomsteget på Stamnes vert overført til Dale barne- og ungdomsskule f.o.m. 01.08.2017.*
4. *Elevane på mellomsteget ved Stanghelle skule vert overført til Dale barne- og ungdomsskule når ny skule på Dale er ferdig.*
5. *Elevane på mellomsteget ved Vaksdal skule vert overført til Dale barne- og ungdomsskule når ny skule på Dale er ferdig.*
6. *Forskrift om skulekrinsar i Vaksdal vert handsama i eiga sak når skulestrukturen er endeleg vedteke*

B. Kommunestyret fastset følgjande for ressurstildelinga til skulane i Vaksdal:

1. *Når to klassesteg i 1.-4.klasse går i lag skal det ikkje vera fleire enn 24 elevar i klassen.*
2. *Når to klassesteg på mellomsteget går i lag i norsk, matematikk og engelsk skal det ikkje vera fleire enn 20 elevar i klassen.*

C. Ny skule på Dale

Administrasjonen fremjar sak om ny skule på Dale med plass til:

- 1.-4.klasse for elevar frå Dale skulekrins
- 5.-10.klasse for elevar frå Dale, Eidsland, Stamnes, Stanghelle og Vaksdal skulekrins

Utover eit nøktern og funksjonelt bygg som stettar krava til moderne skuledrift skal administrasjonen koma med framlegg om tenlege løysingar for samlokalisering av andre tenester.

D. Vaksdal skule

Administrasjonen fremjar sak om ombygging /rehabilitering av Vaksdal skule med tanke på ein skule for 1.-4.klasse og bibliotek. Dersom ein framtidig jernbanestasjon medfører at Vaksdal senter må rivast, må saka omfatta bygging av ny tenleg kombinert samfunnssal og kroppsøvingslokale.

E. Stamnes skule

Administrasjonen fremjar sak om flytting av barnehagen til skulen med tanke på å etablere eit oppveksttun frå 0 -10 år i Sanden. Uteområdet skal oppgraderast.

Tilleggsframlegg til Kjartan Haugsnes sitt framlegg på vegner av SV, KRF, H:

3. *Kommunestyret forutset at elevar frå Eidslandet framleis skal ha skuleplass i Modalen.*

Røysting:

Dei to framlegga vart sett opp mot kvarandre. Framlegget frå Magne Hestad fekk 3 røyster (AP) og fall.

FPØ - Tilråding:

1. Kommunestyret vel alternativ OB og ber administrasjonen arbeida vidare med dette alternativet som inkluderer ny Barne- og ungdomsskule på Dale og nytt tilbygg på Vaksdal skule.
2. Kommunestyret ber om at endeleg val av tomt og kostnadskalkyle for ny Dale barne- og ungdomsskule, samt nytt tilbygg på Vaksdal skule vert å handsame samstundes og lagt fram for endeleg vedtak i budsjett for 2017.
3. Kommunestyret føreset at elevar frå Eidslandet framleis skal ha skuleplass i Modalen.

Kommunestyret - Sak 60/2016

KOM - Behandling:

Framlegg frå Magne Hestad, AP:

- A) *Vaksdal kommunestyre føretek følgjande endringar i skulestrukturen:*
1. *Elevane på barnesteget på Eidsland vert overført til Stamnes skule/Eksingedalen skule f.o.m. 01.08.2017.*
 2. *Elevane på ungdomssteget på Eidsland vert overført til Dale barne- og ungdomsskule/Eksingedalen skule f.o.m. 01.08.2017*
 3. *Elevane på mellomsteget ved Stamnes skule vert overført til Dale barne- og ungdomsskule f.o.m. 01.08.2017*
 4. *Forskrift om skulekrinsar i Vaksdal vert handsama i eiga sak når skulestrukturen er vedteke*
- B) *Ny skule på Dale*
Administrasjonen fremjar sak om ny skule på Dale.
Utover eit nøkternt og funksjonelt bygg som stettar krava til moderne skuledrift skal administrasjonen koma med framlegg om tenlege løysingar for lokalisering for samlokalisering av andre tenester.
- C) *Vaksdal skule*
Administrasjonen fremjar sak om ombygging/rehabilitering/påbygg av Vaksdal skule. Dersom ein framtidig jernbanestasjon medfører at Vaksdal senter må rivast, må saka omfatta bygging av ny tenleg kombinert samfunnssal og kroppsøvingslokale.
- D) *Stamnes skule*
Administrasjonen fremjar sak om flytting av barnehagen til skulen med tanke på å etablere eit oppveksttun frå 0 - 10 år i Sanden.

Boris Groth, FRP, fremja forslaget frå AP i formannskapet på nytt.

Røysting:

Det vart først røysta over tilrådinga frå formannskapet, deretter kvart av dei to framlegga.

Formannskapet si tilråding som fekk 12 røyster (SV, H , KRF, SP, MDG)

Framlegget frå Magne Hestad fekk 8 røyster (AP)

Framlegget frå Boris Groth fekk 1 røyst (FRP)

Formannskapet si tilråding vart dermed vedteke.

KOM - Vedtak:

1. Kommunestyret vel alternativ OB og ber administrasjonen arbeida vidare med dette alternativet som inkluderer ny Barne- og ungdomsskule på Dale og nytt tilbygg på Vaksdal skule.
2. Kommunestyret ber om at endeleg val av tomt og kostnadskalkyle for ny Dale barne- og ungdomsskule, samt nytt tilbygg på Vaksdal skule vert å handsame samstundes og lagt fram for endeleg vedtak i budsjett for 2017.
3. Kommunestyret føreset at elevar frå Eidslandet framleis skal ha skuleplass i Modalen.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunestyret vedtok i sak 46/2015 Rådmanns framlegg til økonomiplan 2016 - 2019 å be rådmannen om greie ut eventuelle endringar i skulestrukturen i Vaksdal.

*«Rådmannens framlegg til økonomiplan vert vedteken rettningsgjevande med slike føringar:
Oppvekst:*

- *Tilstandsrapporten som gjeld bygg innan oppvekst vert teken til orientering.*
- *Kunnskapsgrunnlaget som gjeld skulestruktur vert teken til etterretning. I punkt 5 innarbeider rådmannen eit punkt 5.4: «Nærmiljøskular 1.-4.klasse og sentralisering av 5.-10.klasse» som eit fjerde utgreiingsalternativ.*
- *Med utgangspunkt i kunnskapsgrunnlaget om skulestruktur legg rådmannen til rette for ein heilskapleg skulestrukturdebatt der alle formkrav er teke omsyn til.*
- *Når eventuell ny skulestruktur er vedteken kjem rådmannen tilbake med ei sak om opprusting eller nybygg av skuleanlegg på Dale samt;*
- *framlegg til sal/alternativ bruk av bygg innan tenesteområde oppvekst*
- *plan for opprusting av bygga ein skal driva skule/barnehage i Vaksdal kommune*

Kommunestyret fastset i særskild vedtak:

- *Skulestruktur*
- *Eventuelle nybygg og rammer for dette*
- *Plan for opprusting av bygg og økonomiske rammer for dette. Eventuelle løyvingar vert gjort i årsbudsjetta*
 - *Plan for eventuelle sal av bygg innan tenesteområdet*
 - *Tilstandsrapport om arbeidet med kunnskap, trivsel, samarbeid med dei føresette og fråfall i vidaregåande skule skal leggjast fram for kommunestyret årvisst.*

I kommunestyret sak 49/2015 Tilstand for bygg oppvekst vart følgjande vedtak gjort:

Kommunestyret tar rapporten «Oppsummering alle tilstandsvurderinger, revisjon 03» til orientering. Rådmannen får fullmakt til å utarbeide forprosjekt for ny barne- og ungdomsskule på Dale i tre alternativ:

0 Skulestruktur som i dag

1 Auke i elevtal ved overføring av elevar frå Stamnes og Stanghelle

2 Auke i elevtal ved overføring av elevar frå Stamnes, Stanghelle og Vaksdal.

3 Auke i elevtal ved overføring av elevar på mellomsteget frå Stamnes, Stanghelle og Vaksdal

Forprosjektet vil saman med vedlagte rapport og skulefaglege vurderingar inngå i grunnlaget for ny skulestruktur.

Rådmannen får fullmakt til å avhende Vaksdal barnehage, avdeling Jamne, omregulering og sal som bustader, eventuelt vurdere å bygge bustader i eigen regi.

Dale PPT/barnevern, bygget vert å rive.

Rådmannen går i dialog med innbyggjarane i Bergsdalen med tanke på lokal overtaking/sal av bygget.»

Prosess og høyringar

Prosess for arbeidet med skulestruktur byggjer på følgjande dokument

- Opplæringslova § 8-1
- Opplæringslova § 9a-6
- Forvaltningsloven § 37
- Rundskriv Udir-2-2012 Behandling av saker om skolenedleggelse og kretsgrenser

Utfyllande om handsaming av saker om nedlegging av skular og kringgrenser

Rundskriv frå Utdanningsdirektoratet (Udir) 2-2012 omhandlar handsaming av saker om nedlegging av skular og kringgrenser. I rundskrivet heiter det at avgjersle knytt til skulestruktur ligg i kjerneområdet av den kommunale handlefridommen. Ei avgjersle må byggja på kommunestyret sine økonomiske, politiske og samfunnsmessige prioriteringar. Kommunale vedtak om endring av skulestrukturen er ikkje enkeltvedtak etter forvaltningslova. Plassering av den enkelte elev ved ein skule vil derimot være eit enkeltvedtak. For kommunar som har forskrift om skulekringsgrenser må det i tillegg til vedtak om nedlegging òg skje ei endring av forskrifta om skulekringsgrensene. Forvaltningslova vert nytta for endring av forskrifta om skulekringsgrenser. Det betyr at berørte får uttale seg før forskrifta vert vedteke, endra eller oppheva, bl.a. foreldrerådet eller samarbeidsutvalet ved dei enkelte skulane i kommunen. Nedlegging av skular og kringgrenser kan handsamast i ei og same sak eller som to separate saker. Vaksdal kommune handsamar nedlegging av skular og endring av kringgrenser i to separate saker då det er greia ut fire alternativ med ulike mogelege kringgrenser.

Mandat for utgreiing og vurdering av skulestruktur

Skulestrukturen i Vaksdal skal greiast ut og vurderast i ein heilskapleg analyse der pedagogiske, samfunnsmessige og økonomiske vurderingar skal leggjast vekt på. Skulestrukturen må tilpassast dei økonomiske rammene som er tildelt.

Utgreiinga skal visa konkrete alternativ for ein framtidig skulestruktur som skal gje ein framtidsretta skule der opplæringstilbodet skal vera likeverdig uavhengig av kor i kommunen ein bur.

Utgreiinga skal vera grunnlag for politisk handsaming i høve til om dagens skulestruktur skal endrast.

Arbeidsgruppe for utgreiing og vurdering

Arbeidsgruppa har vore samansett av kommunalsjef, økonomisjef, einingsleiar skule, einingsleiar samfunnsutvikling og hovudtillitsvalt for Utdanningsforbundet.

Norconsult har vore engasjert som konsulent for utarbeiding av skulebruksplanen 2015-2030.

Arbeidet har vore leia av kommunalsjef Oppvekst.

Status for arbeidet har vore lagt fram for Levekårsutvalet jamleg gjennom prosessen.

Høyring

Utgreiing om framlegg til eventuelle endringar om skulestruktur vart i LEV sak 28/2015: Høyring skulestruktur i levekår sendt på høyring

Det er utarbeida to dokument som grunnlag for drøfting av skulestruktur; Skulebruksplan 2015-2030 og Utgreiing av skulestruktur. Skulebruksplan 2015 – 2030 er utarbeida av Norconsult i samarbeid med arbeidsgruppa som utgreia skulestruktur. Utgreiing av skulestruktur er utarbeida

av arbeidsgruppa og dokumentet byggjer på tal, prognosar og analyser i Skulebruksplan 2015 – 2030 og har ei skulefagleg vurdering. Dokumenta vart sendt på høyring samla.

Spørsmål om skulestruktur vil berøre foreldre og nærmiljø. Skulen sitt samarbeidsutval, alternativt, foreldreråd, bør difor få høve til å uttala seg når det gjeld vedtak om skulestruktur.

Høyringa om skulestruktur i Vaksdal har vore open, slik at alle interesserte har hatt høve til å kome med uttale. FAU, SU og elevrådet ved alle skulane mfl. vart invitert til høyring i eige høyringsbrev.

Ved høyringsfrist 11. februar 2016 var det kome inn 33 uttalar.

I tillegg er det kome inn 1167 underskrifter for å oppretthalde skulestrukturen som i dag. Dei fleste uttalanane tek for seg eigen skule og eige nærmiljø, men nokon har òg element i seg meir generelt om skulane og nærmiljøa i Vaksdal. Uttalanane varierer frå korte uttalar i e-post til større dokument.

Innspela frå høyringa, saman med Utgreiing skulestruktur i Vaksdal kommune og Skulebruksplan 2015-2030, ligg til grunn for saka som rådmannen skal fremja for politisk handsaming i Kommunestyret.

Høyringane vart lagt fram i Levekårsutvalet, sak 07/2016 og oppsummert i Formannskap/plan- og økonomiutval 18/2016. Sakene ligg ved dette saksframlegget

Utgreiing av sak om skulestruktur

Det er utarbeida to dokument som grunnlag for drøfting av skulestruktur; Skulebruksplan 2015-2030 og Utgreiing av skulestruktur. Skulebruksplan 2015 – 2030 er utarbeida av Norconsult i samarbeid med arbeidsgruppa som utgreia skulestruktur. Dokumenta ligg som vedlegg i saka og vurderingane byggjer høyringane og på dokumenta gjeldande skulestruktur.

I tillegg vart det med bakgrunn av gjennomgang av høyringane vedteke i Formannskapet/plan- og økonomiutval i sak 18/2016 å greie ut nærare følgjande områder:

- *Kvaliteten i skulane i Vaksdal gjennom årsmelding og tilstandsrapport*
- *Reduksjonen i årsverk vil ha stor innverknad på undervisningstilbodet Vaksdal kommune skal gje skuleborna og det vil vera nødvendig å greia ut kva konsekvensar dette vil få for:*
 - *Tidleg innsats, spesielt på 1. – 4. trinn*
 - *Deling av klassar / grupper i kjernefaga (norsk, engelsk og matematikk)*
 - *Spesialundervisning til elevar med særskilde behov og særskild språkopplæring*
 - *Storleik på grupper/ lærartettleik og romkapasitet*
 - *Fagmiljøet for det pedagogiske personalet*
 - *Krav til minstetimetall til undervisning ut frå lovlegheit*
- *Belyse kva rolle skulane i Vaksdal tek i sine respektive lokalsamfunn og nærmiljø i dag, basert på høyringsuttalanane.*
- *Modellar og statistikk om bustadbygging, befolkningsutvikling og pendling i Vaksdal*

Vidare følgjer utgreiingane etter vedtak i Formannskap/plan- og økonomiutval 18/2016. Denne utgreiinga supplerer Skulebruksplan 2015-2030 og Utgreiing av skulestruktur

Frå tilstandsrapport om kvaliteten i skulane i Vaksdal

Kvaliteten i skulane i Vaksdal vert lagt fram for politisk nivå våren 2016 i Årsmelding 2015 og Tilstandsrapport for skule 2016. Dokumenta viser i kva grad me har lukkast i å forbetre resultatene i

skulane i Vaksdal med dei strategiane som er lagt. Ei kort oppsummering er som følger:

Læringsmiljø

Læringsmiljøet i skulane i Vaksdal er i all hovudsak godt. Særleg resultata frå dei siste års 10. årsteg viser at Vaksdal ligg jamt med eller over landsgjennomsnittet på dei fleste områda. På 7. årsteg er det litt meir variert, men her ligg vi òg over eller tett oppunder på landsgjennomsnittet. Det vert arbeida systematisk med læringsmiljøet på alle skulane, blant anna med programmet PALS.

Læringsresultat

Vaksdal kommune har i Kommunedelplan Oppvekst mot 2020 som mål å auke grunnskulepoeng for elevane som er ferdig med 10-årig grunnskule og sikra at nivået stabilisera seg på nasjonalt nivå. Grunnskulepoeng er eit mål for det samla læringsutbyttet for elevar som vert sluttvurdert med karakterar. Resultata frå dei siste 5 åra viser at elevane i Vaksdal skåra jamt fleire poeng under nasjonalt nivå og vurdert i kommunebarometeret med plass 422 av 429 kommunar. I kommunebarometeret som vert utarbeida for den enkelte kommune i Noreg årleg vert kvaliteten i skulane i Vaksdal synleggjort. Gjennomsnittleg grunnskulepoeng dei siste 4 åra når ikkje måla i Kommunedelplanen og kommunen er blant dei 5 % dårlegaste kommunane i landet. På den andre sida viser det at trivselen på skulane i Vaksdal er særskild god og blant dei 5 % av kommunane som er best i landet.

Dei faglege måla for både nasjonale prøvar og grunnskulepoeng har vi ikkje nådd dei siste åra. Skulane har arbeidd godt med tiltak for å auke læringsutbytte og snu trenden, men resultata uteblir, særleg i høve grunnskulepoeng. Skuleåret 2014/2015 er resultata om lag som tidlegare år og vi ligg under snittet for Hordaland og landet elles.

Resultata frå dei nasjonale prøvane har òg dei seinare åra lagt under landsgjennomsnittet, for utanom resultata på 9. årsteg.

Overgang til vidaregåande skule

Bortimot alle kommunen sine ungdommar startar i vidaregåande skule etter gjennomført grunnskule. Statistikken viser at elevane i Vaksdal har hatt mindre fråfall enn landet elles dei siste ti åra. Tendensen viser likevel ei urovekkande auke av elevar i Vaksdal som fell frå, medan landet elles har ein reduksjon. Gjennomføring av vidaregåande opplæring auka sannsynet for varig tilknytning til arbeidslivet og redusera risikoen for bruk av offentlege trygde- og stønadsordningar. I Kommunedelplan Oppvekst mot 2020 er målet at elevane i Vaksdal skal ha grunnskulepoeng som landet elles. Dette er eit viktig mål då resultatet i grunnskulepoeng elevane har når dei går ut frå 10. årsteg har innverknad på fullføring av vidaregåande skule. Av del elevar med grunnskulepoeng under 30 poeng er det i underkant av 25 % som fullfører vidaregåande skule.

Innhaldet i barnehage og skule skal gi barn og unge grunnlaget for sitt vaksne liv, livsmeistring. Mange elevar i Vaksdal har eit for svakt fagleg utbytte av opplæringa. Dette fører til at for mange elevar ikkje fullfører vidaregåande opplæring og forfallet har auka i Vaksdal dei siste åra, medan landet elles har ein reduksjon. Nesten 20 % av 24-åringar som ikkje har fullført vidaregåande skule nyttar trygde- og stønadsordningar frå staten. Eit kunnskapsintensivt og spesialisert arbeidsliv, ny teknologi og betydinga av den enkelte si allmenndanning, gjer at alle elevar treng å utvikla solide faglege kunnskapar og ferdigheiter i skulen.

Utgreiing av dei økonomiske konsekvensar av å oppretthalda skulestrukturen som i dag

Reduksjonen i årsverk vil ha stor innverknad på undervisningstilbodet Vaksdal kommune skal gje skuleborna. Økonomiplan 2016 – 2019 føreset å redusera rammene til oppvekst med kr 5 925 000 i perioden 2015 – 2019. Denne reduksjonen utgjer omlag 9,5 undervisningsårsverk, rekna ut

frå ei gjennomsnittleg årsløn for lærarar i Vaksdal pr. 2014.

Skulane i Vaksdal har dei 5 siste åra redusert med 10 lærarårsverk. Dette har ført til at elevane i dag er fleire elevar pr. lærar enn gjennomsnittet i landet elles og berre Bergen, Os og Askøy kommunar i Hordaland har fleire elevar pr. lærar enn Vaksdal. Det same gjeld timar til undervisning. Vaksdal gjev færre timar til undervisning pr. elev enn tidlegare år og berre kommunane Bergen, Os og Askøy i Hordaland gjer same eller færre timar enn Vaksdal. Det vil verta vanskeleg å drifta skulane på ein god måte med ytterlegare nedrykk på omlag 9,5 årsverk, noko som elevane vil merka med større grupper og færre lærarar til støtte og hjelp.

Skulane i Vaksdal har greia ut strukturkonsekvensar på den enkelte skule ved å oppretthalda skulestrukturen basert på økonomiplanen 2016-2019 ut frå følgjande områder:

- *Tidleg innsats, spesielt på 1. – 4. trinn*
- *Deling av klassar / grupper i kjernefaga (norsk, engelsk og matematikk)*
- *Spesialundervisning til elevar med særskilde behov og særskild språkopplæring*
- *Storleik på grupper/ lærartettleik og romkapasitet*
- *Fagmiljøet for det pedagogiske personalet*
- *Krav til minstetimetall til undervisning ut frå lovlegheit*

Tidleg innsats, spesielt på 1. – 4. trinn

Tidleg innsats må ivaretakast av læraren som underviser klassen. Det vil seie at tilpassa opplæringa i norsk og matematikk, som mellom anna fordra særleg høg lærartettleik i 1. – 4. årsteg, vil verta ivareteke av læraren som underviser heile klassen og lærartettleiken vert ikkje auka. Tidleg innsats særleg retta mot elevar med svak dugleik i lesing og rekning vil òg gjennomførast av læraren som underviser klassen. For å kunne løyse ut ressursar til tidleg innsats er det mogeleg å undervisa 30 – 50 elevar saman i nokre fag. Her vil skulane få utfordring med storleik på klasserom og må finne alternative læringsareal som undervisning ute eller gymsal/samfunnssal.

Deling av klassar / grupper i kjernefag (norsk, engelsk og matematikk)

Dei seinare åra har skulane i Vaksdal nytta tal for samanslåing av årsteg etter tidlegare brukte «klassedelingsstal». I grupper der fleire årsteg går saman, t.d. 1. og 2. årsteg, har skulane i Vaksdal tidlegare delt årstega i kjernefaga faga matematikk, norsk og engelsk. Desse timane som skal styrkja opplæring er vorte redusert dei siste åra og dei økonomiske rammene i økonomiplanen vil føre til at grupper der fleire årsteg går saman må undervisast saman på tvers av årsteg i alle fag, òg i kjernefaga. Dette er krevjande både for borna og for lærarane då det er store forskjellar i utviklinga til elevane, spesielt dei første åra med grunnopplæringa.

Spesialundervisning til elevar med særskilde behov og særskild språkopplæring

Elevar som ikkje har eller som ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet, har rett til spesialundervisning. Dette er varierende frå skule til skule og år til år. Skulane i Vaksdal nytta skuleåret 2015/2016 15 % av undervisningstimar totalt til spesialundervisning (nasjonalt 17 %). I utgreiinga av dei økonomiske konsekvensane har skulane lagt inn 15 % spesialundervisning av det lovfesta timetalet på dei einskilde trinna og vil med det kunne oppretthalda spesialundervisning til elevar med særskilde behov.

Elevar som har behov for særskild språkopplæring må få dekkja si opplæring i ordinær klassen saman med dei andre elevane. Dette vil vera utfordrande både for elevar og lærarar, særleg inntil borna har lært seg norsk godt noko til å forstå kva som vert samtala om i klasserommet. Minoritetspråklege elevar kan gå på i ein mottaksklasse på annan skule enn nærskulen inntil to år. For å styrkje og samla kompetansen og kapasiteten i høve opplæringa for minoritetspråkleg elevar kan Vaksdal kommune oppretta ein mottaksklasse på Dale barne- og ungdomsskule.

Storleik på grupper / lærartettleik og romkapasitet

Storleiken på klasseromma på dei ulike skulane variera. Vaksdal og Dale har klasserom med plass til 26-28 elevar, medan romma på Stanghelle variera frå 19 elevar til 24 elevar. Avgrensingar i romkapasitet på Stamnes gjeld spesialrom til mat og helse og kroppsøving.

Storleiken på gruppene, slik vi kjenner elevtalet i dag, vil kunne gjera seg nytte av dei romma skulane har, men storgrupper på 30 – 50 elevar må ha andre alternative læringsareal enn ordinære klasserom. Alternative læringsareal kan vera undervisning ute og i gamsa/samfunnssal.

Fagmiljø for det pedagogiske personalet

Hausten 2015 vart det innført kompetansekrav til undervisning i norsk, engelsk og matematikk på 1. – 7. årsssteg. Frå tidlegare har det vore kompetansekrav til undervisning i både i kjernefaga norsk, engelsk og matematikk og i andre fag på 8. – 10. årsssteg.

Med færre tilsette vil fagmiljøa verta mindre. I tillegg vert det òg ein konsekvens når lærarar går av med alderspensjon. Skulane kan ikkje erstatta lærarar som sluttar med same fagkompetanse, ev. fagkompetanse som skulen treng. Med bakgrunn i at regjeringa er vorte særleg strenge i høve kompetansekrav til lærarane i dei einskilde faga, kan dette føra til vanskar i høve tilstrekkeleg og rett kompetanse på den einskilde skule. Dette gjeld på både barnesteget og ungdomssteget.

Krav til minstetimetall til undervisning

Det er fastsett eit *samla minstetimetall* for elevar på 1.-7 årsssteg og for elever på 8.-10. årsssteg som elevane har rett til. Skuleeigar har plikt til å gje dette timetalet, men står fritt til å tilby fleire timar.

Med dei økonomiske rammene som ligg i økonomiplanen vil vi ikkje kunne gjennomføre all undervisninga som vi skal gje elevane ved å ha klassar mellom 20 – 30 elevar. For å kunne stette krav til minstetimetallet vil det vera nødvendig å undervisa storgrupper på 30 – 50 elevar i enkelte fag.

Rolla skulane tek i sine respektive lokalsamfunn og nærmiljø i dag, basert på høyringsuttalane

I forskinga vert det vist til tre ulike typar modellar for korleis ein skule kan samhandla med lokalsamfunnet på (Melheim, 2009; Edvardsen, 2004; Helle-Olsen, 1991). Den første modellen er den samfunnsignorante skulen som ikkje tilpassar arbeidet i skulen til den lokale konteksten, men operera isolert frå lokalsamfunnet. Ein annan modell er den samfunnspassive skulen som er open for informasjon og kontakt med omgjevnaden og samhandlar med lokalsamfunnet på eit nivå som påverkar undervisninga, t.d. ekskursjonar og prosjektoppgåver. Den samfunnsaktive skulen som er den tredje modellen, er ein ressurs for lokalsamfunnet gjennom å tilby tenester utover grunnskuleopplæring. Ved gjennomgang av høyringane kjem det klart fram at skulane i Vaksdal er den samfunnsaktive skulen som nærmiljøet og lokalsamfunnet set høgt i verdi i bygda.

Vaksdal skule

I høyringane skildra instansane at skulen i nærmiljøet er viktig og positivt for bygda og som ein plass der ein kan møtast både ute og inne. Skulen er ein viktig samarbeidspartnar for lag og organisasjonar. Med skulen i nærmiljøet kan elevane gå til og frå skulen, noko som er bra for borna. Ved å flytte borna til annan skule vert nærleiken mellom skule og heim teke frå borna. Skulen er limet i lokalmiljøet.

Stanghelle skule

I høyringane skildra instansane at skulen og skulebygget fungera som er ein motor i lokalsamfunnet. Utområdet til skulen er fint opparbeidd og gjev moglegheit for varierte

aktivitetar, både på fritid og i skuletid. Det vert òg peika på at lag og organisasjonar nyttar skulen på ettermiddagen/kvelden og ungdomsklubben er særleg nemnd som noko ein er redd for å misse. Stanghelle skule er ein plass der ein kan møtast både ute og inne.

Dale barne- og ungdomsskule

I høyringane skildra instansane at skulen er viktig knutepunkt for bygda. Det vert peika på fordelane med skulen i nærmiljøet der ein har eit kjent nærmiljø, sosialt nettverk og overgang barnehage- skule. Skulen er ein samarbeidspartnar for lag og organisasjonar og som ein plass der ein kan møtast både ute og inne.

Stamnes skule

I høyringane skildra instansane at skulen er viktig for bygda. Her er det feiringar og markeringar, møter og er ein formell og uformell møteplass. Det er eit veldig godt skule-heimsamarbeid med dugnadsånd og eigarkjensle til skulen. Det vert òg peika på at det er kort reisetid slik at borna får vera med vener og familie etter skuletid. Uteområdet er fint opparbeidd og gjev moglegheit for varierte aktivitetar, både på fritida og i skuletida.

Befolkningsutvikling, bustadbygging og pendling i Vaksdal

Befolkningsutvikling

Frå år 2000 til 2015 har folketalet i Vaksdal kommune gått ned med 2,3%. Internt i kommunen er det ein tendens til at områda utanfor stasjonsbyane Vaksdal, Stanghelle og Dale har opplevd størst nedgang. Vaksdal og Dale har hatt positiv folketalsutvikling i perioden.

Størst nedgang i prosent finn ein i Bergsdalen og Eidslandet/nedre Eksingedalen, medan Straume/Stamnes opplever størst nedgang i absolutte tal. Grunnkretsane Stanghelle og Stanghelle Vest er slått saman i denne utgreinga for at ein skal operere med eit samla tal for Stanghelle, men det er verdt å merke seg at Stanghelle vest har ei folkeauke på 21,3% medan Stanghelle (aust for Dalevågen) har ein nedgang i folketalet på 12,8% . Eit meir detaljert kart over folketalsutviklinga 2000-2015 er vist i vedlegg.

Det er ikkje utarbeidd prognosar på grunnkrets nivå for Vaksdal kommune, men det er tilstrekkeleg i denne samanheng å peike på at om utviklingstrekk frå dei seinaste åra hald fram, vil befolkninga i kommunen i større grad konsentrere seg kring dei tre stasjonsbyane og folketalet i utkantane av kommunen vil reduserast ytterlegare.

Bustadbygging

Vaksdal kommune har ein stor overvekt av einebustadar og tomannsbustadar. Det er få mindre bustader som leilegheiter, blokker etc. Tal frå SSB syner at utviklinga i Vaksdal kommune dei seinare år har gått i retning av ein meir variert bustadstruktur. Likevel er kommunen framleis dominert av einebustadar med eit relativt høgt arealbeslag.

Det er registrert 16 reguleringsplanar i kommunen som ikkje er fullt utbygd med bustadar. Oppteljinga av bueiningar er basert på plankart og føresegnar i vedtekne reguleringsplanar der gjeldande arealdel til kommuneplanen ikkje legg opp til ein annan arealbruk enn i reguleringsplanane. I somme tilfelle der føresegnene ikkje gjer grunnlag til å rekne ut kapasitet, er talet basert på ein kvalitativ vurdering av plankartet samanlikna med tilgrensande bustadstruktur.

Tabell 1 i vedlegg syner at det totalt er ein teoretisk kapasitet for kring 350 nye bustadar i vedtekne reguleringsplanar. Om ein legg til grunn 2,5 personar per bueining vil det seie at

planane har kapasitet til å ta hand om ein folketalsvekst på i underkant av 1000 personar.

Pendling

Tal frå SSB viser at Vaksdal pr. 4. kvartal har ei pendling ut på 892 personar. Dei fleste av desse pendlar til Bergen, 556 personar, medan andre pendlar til Voss, Modalen og andre nærliggande kommunar. I vedlegg er det sett opp ein tabellen med ei oversikt over pendlingstøm etter bustadkommune og arbeidsstadskommune pr. 4. kvartal 2014, SSB, tal sysselsette personar busett i Vaksdal

Økonomiplan og kunnskapsgrunnlaget til kommunereforma «Vaksdal som eigen kommune» omtalar utviklingstrenda nærare.

Vurdering av dei fire alternativa i utgreiing om skulestruktur i Vaksdal

Skulesektoren i Vaksdal kommune står ved eit vegskilje. Eldre bygningsmasse med stort renoveringsbehov, nye krav om kvalitet i tenestene og ein pressa økonomi gjer at vi må vurdere skulestrukturen i Vaksdal. Det er rådmannen si vurdering at kommunen bør nytte dette høve til å stake ut ein ny kurs for skulane der vi set oss som mål at alle borna våre skal ha eit god, moderne og funksjonell skule som innbyr til trivnad, aktivitet, glede og læring. Pedagogisk innhald og fysisk utforming må gå hand i hand når vi nå skal utforma framtidas skule i Vaksdal. Det er argument som talar for både det eine og det andre i kvart enkelt alternativ. Rådmannen har valt å sortera desse argumenta under tre overskrifter; pedagogiske vurderingar, samfunnsmessige vurderingar og økonomiske vurderingar

Pedagogiske vurderingar

Den viktigaste ressursen i skulane er personalet som jobbar der. Den desidert største delen av skulane sitt driftsbudsjett er lønsutgifter, og det er i relasjonen mellom born og vaksen kvaliteten på tenesta vert bestemt. Ein kvalitativ god skule er difor basert på individa som er tilsett. Strukturelle endringar vil aldri kunne rokke på dette enkle faktum, men det er likevel rådmannen si vurdering at òg strukturelle faktorar spelar inn når kvaliteten skal vurderast.

Dei små skulane i Vaksdal sitt store fortrinn har vore små elevgrupper og med det høg lærartettleik. Lærarar som underviser ei elevgruppe på 10 - 15 elevar har rimelegvis meir tid til kvar elev enn ein lærar som underviser ei gruppe på nærmare 30. Det er i dag færre elevgrupper med 10 – 15 elevar i Vaksdal enn tidlegare. Særleg på Dale barne- og ungdomsskule og på Stanghelle skule har elevgruppene vorte større med fleire årssteg i same elevgruppe.

Samanlikna med andre kommunar viser lærartettleik og tal undervisningstimar til elevane at vi i dag ligg på nivå som vekstkommunar i Hordaland. Desse opplever press på skuleplassar og har store klassar. Fortrinnet med små elevgrupper og stor lærartettleik er ikkje lenger kvardagen i skulane i Vaksdal og med rammevilkåra som ligg i økonomiplan 2016-2019 vil dette forsterkast i negativ retning.

Målet om eit godt fagmiljø i skulane er grunngjeve i mykje både norsk og internasjonal forskning som seier at kollegial samarbeid om undervisningspraksis gjer betre læringsmiljø for elevene. Den profesjonelle lærer er en samarbeidande og ikkje en privatpraktiserande lærer. Frå hausten 2015 er det innført nasjonale krav til at lærarar må ha fagleg fordjuping i norsk, engelsk og matematikk for å undervisa i faga. Rådmannen meiner forskriftsendringa vil krevja ei omlegging frå generalistlæraren til meir spesialiserte faglærarar i skulane i Vaksdal. For å møte dette er det føremålstenleg at grunnskulen etablera større og sterkare fagmiljø blant dei tilsette. Vaksdal kommune har mange dyktige lærarar, men mange av desse lærarane manglar formell kompetanse i faga dei underviser i. Dette er ei utfordring vi må møte gjennom å gje lærarane tilbod om vidareutdanning, men samstundes er det rådmannen si vurdering at det på små skular

vil verta svært vanskeleg å møte desse krava. Små skular med få lærarar vil ikkje i same grad som store skular ha høve til å nytte seg av faglærarar, og vil difor måtte vidareutdanna ein og same lærar innan fleire fagområder. Dette er både tids- og kostnadskrevjande. I eit slikt perspektiv er det altså rimeleg å anta at små skular vil ha utfordringar med å møte kvalifikasjonskrava i faga norsk, matematikk og engelsk i lang tid framover.

Det er i utgreiinga peika på at små fagmiljø på skulane med få lærarar vil verta meir sårbart enn med større fagmiljø. Hovudgrunngevinga for at større fagmiljø gjev gode læringsmiljø, er at fagmiljøa står sterkare i større einingar. Lærarane i skulen treng eit miljø rundt seg til å drøfta praksis og vidareutvikla metodikken sin. Skulane har endra sterkt karakter dei seinare åra. Det er ein mykje tydelegare forventning om at skulane skal vera i fagleg utvikling og levera gode resultat i form av høg trivnad, gode læringsresultat og auka gjennomføringsgrad i vidaregåande opplæring. Dette er ein viktig del av samfunnsoppdraget for skulen. Resultata frå skulane i Vaksdal viser at elevane har dårlegare læringsresultat enn elevar elles i landet og det er variasjon mellom skulane og mellom årskulla. Det psyko-sosiale miljøet er godt ved alle skulane i kommunen.

Alternativ 0 – Vidareføring av dagens skulestruktur

Ei vidareføring av skulestrukturen slik den er i dag vil ha store negative pedagogiske konsekvensar for elevane i Vaksdal. Konsekvensane er skildra i økonomiske konsekvensar ved å oppretthalda skulestrukturen som i dag.

Alternativ 1 – Fem skular – 5. – 10. årsteg samla på Dale barne- og ungdomsskule

Elevane frå Vaksdal, Stanghelle, Dale, Stamnes og ev. Eidslandet på 5. – 7. årsteg vert samlokalisert på Dale barne- og ungdomsskule, medan Eksingedalen skule held fram som i dag. Det vil gje eit samla elevtal på om lag 400 elevar og ein vil ha behov for eit nytt skulebygg.

Samlokalisering vil gje elevane i Vaksdal eit meir likeverdig tilbod knytt til innhaldet i skulen på 5.- 7. årsteg. Likeverdig i høve faktorar som fysiske og bygningsmessige tilhøve, digital-tilgang, spesialrom og tilgang på gode faglærarar. Ein ny barne- og ungdomsskule får moderne fasilitetar med stor grad av fleksible romløysningar. Dette gjev betre mogelegheit for tilpassa opplæring gjennom variasjon og breidde i metodeval og organisering av undervisninga på årstega.

Det pedagogiske tilbodet til elevar med ulike behov kan samordnast ved ein felles barne- og ungdomsskule for 5. – 10 årsteg. Det gjev betre ressursutnytting til ulike elevgrupper som elevar med behov for spesialundervisning, tilpassingar for sterke elever og andre interessegrupper. Sosialt vert det større mangfald for elevane og større mogelegheit for å finne likesinna. Samla administrasjonsressurs vil gje stordriftsfordelar.

Med eit større fagmiljø på Dale barne- og ungdomsskule vil ein samstundes ha større mogelegheit til ei omlegging frå generalistlæraren til meir spesialiserte faglærarar i skulane i Vaksdal frå 5. – 10. årsteg.

Ved å samla 5. – 10. årsteg vil ein òg i større grad ha høve til å samla tverrfagleg kompetanse, t.d. PPT, helsesøster og andre, for ein meir effektiv ressursutnytting inn mot born, foreldre og andre samarbeidspartnarar.

Nærmiljøskulane med 1. – 4. årsteg, vil få eit allereie lågt elevtal nesten halvert ved skulane på Vaksdal, Stanghelle og Stamnes. Avhengig av samla elevtal vil ein fådelt skule stå igjen med 2-4 klassar, noko som er lite i fagleg og sosial samanheng. Færre lærarar på skulen fører samstundes til redusert fagmiljø og fagkompetanse. Det vil ikkje seie at store skular er betre enn små skular,

men på små skular med få lærarar vil det verta meir sårbart i høve kompetansen til den enkelte lærar og høve erfaringslæring. Å oppretthalda nærmiljøskulane fordrar at ein nyttar kompetansen ein har i dei enkelte faga på tvers av skulane og betra erfaringslæring i nettverkarbeid imellom skulane.

Alternativ 2 – Tre skular – Dale barne- og ungdomsskule, Vaksdal skule og Eksingedalen skule
Elevane frå Stanghelle, Dale, Stamnes og ev. Eidslandet vert samlokalisert på Dale barne- og ungdomsskule, medan Vaksdal og Eksingedalen vert lokalisert som i dag. Det vil gje eit samla elevtal på om lag 400 elevar og ein vil ha behov for eit nytt skulebygg.

Både Dale barne- og ungdomsskule og Vaksdal skule vil truleg få store nok fagmiljø som har kompetanse og kapasitet til å skapa gode læringsmiljø. På Dale barne- og ungdomsskule vil ein få styrkja eit allereie etablert læringsmiljø, medan ein på Vaksdal skule må vidareutvikla allereie etablert læringsmiljø. Ein vil òg ha større mogelegheit til ei omlegging frå generalistlæraren til meir spesialiserte faglærarar, særleg ved Dale barne- og ungdomsskule der ein òg vil ha fagmiljøet som underviser 8. – 10. årsteg .

Det pedagogiske tilbodet til elevar med ulike behov kan samordnast i større grad på færre skular. Det gjev betre ressursutnytting til ulike elevgrupper som elevar med behov for spesialundervisning, tilpassingar for sterke elever og andre interessegrupper. Sosialt vert det større mangfald for elevane og større mogelegheit for å finne likesinna.

Ved å samla elevane på tre skular vil ein òg i større grad ha høve til å samla tverrfagleg kompetanse, t.d. PPT, helsesøster og andre, for ein meir effektiv ressursutnytting inn mot born, foreldre og andre samarbeidspartnarar.

Alternativ 3- To skular – Dale barne- og ungdomsskule og Eksingedalen skule
Elevane frå Vaksdal, Stanghelle, Dale, Stamnes og ev. Eidslandet vert samlokalisert på Dale barne- og ungdomsskule, medan Eksingedalen vert lokalisert som i dag. Det vil gje eit elevtal på om lag 500 elevar og ein vil ha behov for eit nytt skulebygg.

Samlokalisering av alle elevane vil i ein felles barne- og ungdomsskule vil gje elevane i Vaksdal eit meir likeverdig tilbod knytt til innhaldet i skulen. Likeverdig i høve faktorar som fysiske og bygningsmessige tilhøve, digital-tilgang, spesialrom og tilgang på gode faglærarar. Ein ny barne- og ungdomsskule får moderne fasilitetar med stor grad av fleksible romløysningar. Dette gjev betre mogelegheit for tilpassa opplæring gjennom variasjon og breidde i metodeval og organisering av undervisninga.

Det pedagogiske tilbodet til elevar med ulike behov kan samordnast ved ein felles barne- og ungdomsskule. Det gjev betre ressursutnytting til ulike elevgrupper som elevar med behov for spesialundervisning, tilpassingar for sterke elever og andre interessegrupper. Sosialt vert det større mangfald for elevane og større mogelegheit for å finne likesinna. Samla administrasjonsressurs vil gje stordriftsfordelar.

Eit større fagmiljø gjer gode læringsmiljø og fagmiljøet står sterkare på større skular. Lærarane i skulen treng eit miljø rundt seg til å drøfta praksis og vidareutvikla metodikken sin. Med eit større fagmiljø på Dale barne- og ungdomsskule vil ein samstundes ha større mogelegheit til ei omlegging frå generalistlæraren til meir spesialiserte faglærarar i skulane i Vaksdal frå 1. – 10. årsteg.

Ved å samla elevane på to skular vil ein i større grad ha høve til å samla tverrfagleg kompetanse

og lovpålagte tenester slik at desse (barnevern, PPT, helsesøster ev. andre) får ein meir effektiv ressursutnytting inn mot born, foreldre og andre samarbeidspartnarar.

Økonomiske vurderingar

Vaksdal kommune har ein pressa økonomi, og skulane må driftast effektivt. For å møte dette kravet må skulane nytte kapasitet sin fullt ut. Utgreiinga viser at det er ledig kapasitet på alle skulane i Vaksdal, sjølv om det periodevis i tida 2016-2030 vil vera god utnytting av kapasiteten ved Vaksdal skule.

Økonomiplan 2016 – 2019 føreset at å redusera rammene til oppvekst med kr 5 925 000 i perioden 2015 – 2019. Vurderinga som vert gjort i dei ulike alternativa er basert på økonomitala som ligg til grunn for utgreiinga av skulestruktur. I mandatet om utgreiing og vurdering av skulestruktur heiter det at skulestrukturen må tilpassast dei økonomiske rammene som er tildelt.

Alternativ 0 A/B – Vidareføring av dagens skulestruktur

I alternativ 0A vil kostnader knytt til undervisning og skyss vera som i dag. Ved rehabilitering av Dale barne- og ungdomsskule vil ein heller ikkje få redusert driftskostnader i høve FDV og kapitalkostnader.

I alternativ 0B vil kostnader knytt til undervisning og skyss vera som i dag. Ved bygg av ny Dale barne- og ungdomsskule vil ein få redusert driftskostnader i høve FDV og kapitalkostnader med 5,7 mill. pr. år (2015-2030).

Alternativ 1 er ikkje tilpassa dei økonomiske rammene som er tildelt og konsekvensane er skildra under overskrifta Økonomiske konsekvensar ved å oppretthalde skulestrukturen som i dag.

Alternativ 1 – Fem skular – 5. – 10. årsteg samla på Dale barne- og ungdomsskule

I alternativ 1 vil kostnader knytt til undervisning verta redusert med 4 mill. årleg, medan skyss vil få ein auka kostnad årleg med 0,6 mill. Samla vil kostnaden gå ned 3,4 mill. årleg (2015-2030). Av dei 3,4 mill. kjem 1,6 mill. som reduksjon i høve kjøpa av elevplassar i Modalen kommune.

I alternativ 1 føreset ein ny Dale barne- og ungdomsskule med ein kapasitet til 400 elevar. Driftskostnader i høve FDV og kapitalkostnader vert redusert med 3,6 mill. pr. år (2015-2030).

Alternativ 1 vil gje ei innsparing som er nærare tildelte rammer, men ytterlegare reduksjon i undervisningsdrift av skulen må gjennomførast.

Alternativ 2 – Tre skular – Dale barne- og ungdomsskule, Vaksdal skule og Eksingedalen skule

I alternativ 2 vil kostnader knytt til undervisning verta redusert med 3,9 mill. årleg medan skyss vil få ein auka kostnad årleg med 0,6 mill. Samla vil kostnaden gå ned 3,3 mill. årleg (2015-2030). Av dei 3,3 mill. kjem 1,6 mill. av kjøpa av elevplassar i Modalen kommune.

I alternativ 2 føreset ein ny Dale barne- og ungdomsskule med ein kapasitet til 400 elevar. Driftskostnader i høve FDV og kapitalkostnader vert redusert med 6,3 mill. pr. år (2015-2030). Alternativ 2 vil gje ei innsparing som er nærare tildelte rammer, men ytterlegare reduksjon i undervisningsdrift av skulen må gjennomførast.

Alternativ 3- To skular – Dale barne- og ungdomsskule og Eksingedalen skule

I alternativ 3 vil kostnader knytt til undervisning verta redusert med 8,4 mill. årleg medan skyss

vil få ein auka kostnad årleg med 1,2 mill. Samla vil kostnaden gå ned 7,2 mill. årleg (2015-2030). Av dei 7,2 mill. kjem 1,6 mill. av kjøpa av elevplassar i Modalen kommune.

I alternativ 3 føreset ein ny Dale barne- og ungdomsskule med ein kapasitet til 550 elevar. Driftskostnadar i høve FDV og kapitalkostnadar vert redusert med 7,1 mill. pr. år (2015-2030). Alternativ 3 vil gje ei innsparing som er innanfor dei noverande tildelte økonomiske rammene i økonomiplanen 2016-2019.

Samfunnsmessige vurderingar

I høyringane kjem det fram at skulane i Vaksdal er samfunnsaktive og ein ressurs for lokalsamfunnet gjennom å tilby tenester utover grunnskuleopplæring. Det vert òg peika på bustadutvikling og attraktivitet som ein faktor ved endring av skulestruktur.

Skuleskyss vil vera aktuelt i alle alternativ. Alternativ 0 har færrest born med skyss, alternativ 1 og 2 har om lag same talet born med skyss, medan alternativ 3 ar flest born med skyss. I høyringane vert det peika på tre utfordrande forhold kring skuleveg og skuleskyss; farlege vegar som er utsett for ras og ulukker, tidsbruk for elevane ved lengre skuleveg og utrygg oppleving for elevane ved å ta buss til skulen. Vaksdal kommune er ein langstrakt kommune med mange vegar som kan følast utrygge. Foreldre og elevar si oppleving av at det er utrygt å ferdast på vegane kan ikkje motprovast. Ved eventuell endring av skulestruktur og med det auka del elevar som må ta buss til skulen, må det arbeidast med, saman med transportør å gjera skuleskyssen så trygg som mogeleg og organisera det slik at ungane opplever det som trygt.

Alternativ 0 A/B – Vidareføring av dagens skulestruktur

Ved vidareføring av skulestrukturen slik den er i dag vil skulane truleg skulane halde fram med å vera samfunnsaktive skular som ein ressurs for lokalsamfunnet gjennom å tilby tenester utover grunnskuleopplæring.

SFO vil vera eit tilbod i nærmiljøet og dei aller fleste borna kan gå til og frå skulen.

Alternativ 1 – Fem skular – 5. – 10. årsteg samla på Dale barne- og ungdomsskule

Ved å oppretthalde 1. – 4. årsteg i kvar bygd vil truleg skulane halde fram med å vera samfunnsaktive skular som ein ressurs for lokalsamfunnet gjennom å tilby tenester utover grunnskuleopplæring slik som i dag.

SFO vil vera eit tilbod i nærmiljøet og dei aller fleste borna i 1. – 4. årsteg kan gå til og frå skulen.

Alternativ 2 – Tre skular – Dale barne- og ungdomsskule, Vaksdal skule og Eksingedalen skule

Stamnes og Stanghelle vil miste SFO-tilbodet i nærmiljøet og ein konsekvens er at foreldre som ynskjer borna i SFO får ekstra tid til transport av borna til og frå SFO. Dette kan opplevast som negativt og meirbelastande for småbarnsfamiliar i ein elles travel kvardag. Særleg kan dette gjelde for dei som pendlar til arbeid i andre kommunar enn Vaksdal. Fleire høyringsuttalar peikar òg på denne konsekvensen som negativt.

Den samfunnsaktive skulen som ein del av Stanghelle og Stamnes vil mogeleg verta svekka. Likevel vil ein skule på Dale kunne vera ein samfunnspassiv skulen som er open for informasjon og kontakt med omgjevnaden og samhandlar med lokalsamfunnet på eit nivå som påverkar undervisninga, t.d. ekskursjonar og prosjektoppgåver. Dale barne- og ungdomsskule har erfaringar med slikt arbeid.

Attraktivitet og befolkningsutvikling er trekt fram i høyringane som ein konsekvens ved å flytte alle elevane frå Stamnes og Stanghelle til Dale.

Alternativ 3- To skular – Dale barne- og ungdomsskule og Eksingedalen skule

Stamnes, Stanghelle og Vaksdal vil miste SFO-tilbodet i nærmiljøet og ein konsekvens er at foreldre som ynskjer borna i SFO får ekstra tid til transport av borna til og frå SFO. Dette kan opplevast som negativt og meirbelastande for småbarnsfamiliar. Særleg kan dette gjelde for dei som pendlar til arbeid i andre kommunar enn Vaksdal. Fleire høyringsuttalar peikar òg på denne konsekvensen som negativt.

Den samfunnsaktive skulen som ein del av Vaksdal, Stanghelle og Stamnes vil mogeleg verta svekka. Likevel vil ein felles skule kunne vera ein samfunnspassiv skulen som er open for informasjon og kontakt med omgjevnaden og samhandlar med lokalsamfunnet på eit nivå som påverkar undervisninga, t.d. ekskursjonar og prosjektoppgåver. Dale barne- og ungdomsskule har erfaringar med slikt arbeid.

Attraktivitet og befolkningsutvikling er trekt fram i høyringane som ein konsekvens ved å flytte alle elevane frå Vaksdal, Stamnes og Stanghelle til Dale.

Samla vurdering

Mandatet til rådmann er at skulestrukturen i Vaksdal skal greiast ut og vurderast i ein heilskapleg analyse der pedagogiske, samfunnsmessige og økonomiske vurderingar skal leggjast vekt på. Skulestrukturen må tilpassast dei økonomiske rammene som er tildelt. Utreiinga skal visa konkrete alternativ for ein framtidig skulestruktur som skal gje ein framtidsretta skule der opplæringsstilbodet skal vera likeverdig uavhengig av kor i kommunen ein bur.

Når ressursramma til skulane skal reduserast, er det viktig å vurdere kvaliteten på opplæringa til elevane opp mot ei eventuell endring av skulestruktur. Det er eleven sitt læringsmiljø som skuleeigar har ansvar for, ei opplæring som tek omsyn til eleven si føresetnad for læring og utvikling for livsmeistring. For å tilpassa dei økonomiske rammene vurderer rådmannen at ei endring av skulestrukturen vil sikra betre kvalitet på tilbodet til den einskilde elev. Ei endring av skulestrukturen vil òg gje meir kvalitativ effekt av samla tilgang på ressursar og kompetanse og vil gje kommunen best mogeleg utgangspunkt for å byggje ut ein framtidsretta arena for læring, lokalitetar som stimulerer til læring og vekst.

Rådmannen si vurdering ut frå pedagogiske og økonomiske omsyn tilseier at ein felles skule for elevane på 1. – 10. årsteg frå Vaksdal, Stanghelle, Dale, Stamnes og ev. Eidslandet vil skapa eit betre læringsmiljø for elevane. Grunngevinga for dette er:

- Innsparing er i høve forpliktande økonomiplan og kvalitetsheving
- Skulane vert meir robuste i høve ressursutnytting knytt til personell, fagkompetanse og økonomi
- Den pedagogiske kvaliteten får eit større og meir fleksibelt rom for utvikling og tilpassing
- Spesialpedagogiske ressursar vert på færre plassar og kan gje eit samla og heilskapleg tilbod
- Særskild språkopplæring vert på færre plassar og kan òg på dette feltet gje eit samla og heilskapleg tilbod
- Det gjer ein betre utnytting av kapasitet enn dagens struktur
- Nytt skulebygg vil gje ein framtidsretta arena for læring og lokalitetar som stimulerer til læring og vekst
- Det vert høve til å samla tverrfagleg kompetanse, t.d. PPT, helsesøster og ev. andre, for ein meir effektiv ressursutnytting inn mot born, foreldre og andre samarbeidspartnarar.

I vurderingane av dei ulike alternativa er det positive pedagogiske argument for alle dei tre alternativa som gjeld endring i skulestrukturen. Alternativet med felles 5. – 7. årssteg og alternativet med ein skule for 1. – 7. årssteg på Vaksdal og ein skule for 1. – 10. årssteg på Dale har likevel den utfordringa at det økonomisk ikkje vil gje store nok innsparingar til å møte tildelingane som ligg i økonomiplanen 2016-2019. Handlingsrommet til å gje auka undervisningstimar i høve tilpassa undervisning, tidleg innsats, spesialundervisning og særskilt språkopplæring vil ikkje gjera skulane robuste.

Nokon vil synast at ein skule med 550 elevar vert for stor, at elevar kan verta oversett og at mobbing har lettare for å utvikla seg. I praksis vil dette handla om ei god organisering og gode rutinar. Eit uteområde kan til dømes greitt organiserast i mindre områder der t.d. ungdomssteget får eit eige uteområde og at dei minste elevane får eit eige uteområde.

Dei samfunnsmessige konsekvensane som gjeld attraktivitet og befolkningsutvikling er vanskeleg å vurdere i høve endring av skulestruktur. Det er ikkje funne forskning som har funnet støtte for at bygder vert fråflytta fordi skulen vert lagt ned. Det ser derimot ut til at nedlegging av ein skule ofte er ein konsekvens av at bygda allereie er uttynna. Viss befolkninga vert tynna ytterlegare ut etter skulenedlegging, er det vanskeleg å vise til at det skuldast nedlegging eller om det er eit resultat av ei utvikling som ville skjedd uansett. Det er såleis vanskeleg å seie i kor stor grad skule spelar inn på ein stad sin attraktivitet som bustad, og det er truleg andre element som påverkar meir enn skule. Det er likevel slik at på sikt neppe vil vera positivt for eit lokalsamfunn at skulen vert lagt ned.

Rådmannen si vurdering er at samfunnsmessige omsyn tilseier at endring av skulestruktur kan ha innverknad på lokalmiljøet og kvardagen til familiar med born i skulen. Bygder som misser skulen sin kan i større grad få ein samfunnspassiv skule og foreldre med born i SFO får ei meirbelastning med lengre transport til og frå SFO. Fleire elevar får lengre veg til skulen og vil vera avhengig av skuleskyss. Ei nedlegging av skular kan òg spela inn på bygda sin attraktivitet som bustad

Ein eventuell ny barne- og ungdomsskule skal vera ein skule for framtida. Omsynet til elevane si læring, deira sosiale og faglege utvikling er det viktigaste. Eit nytt moderne bygg med eit robust fagmiljø og fagtilbod vil gje borna eit godt utgangspunkt for å utvikla evnene sine best mogeleg for å meistre livet. For ein kommune med ein stram økonomi er det viktig å velja ei løysing som er driftsmessig forsvarleg og fører til rasjonalitet i eiendomsforvaltninga.

Slik rådmannen ser det har det vore ein brei prosess i samsvar med formkrava for endring av skulestruktur. Mange uttalar og ytringar har kome inn og alle har vorte vurdert i prosessen. Alle relevante instansar er høyrte.

Tilråing

Etter ei samla vurdering av pedagogiske, samfunnsmessige og økonomiske omsyn vil rådmannen tilrå ei endring av skulestrukturen i Vaksdal slik:

1. Skulestrukturen i Vaksdal vert endra til ein skule for 1. – 10. årssteg på Dale og ein skule for 1. – 10. årssteg i Eksingedalen. Endringane vert iverksett slik:
2. Elevar frå Eidslandet krins får skuleplass i Vaksdal frå skuleåret 2017/2018
3. Elevar frå Stamnes skule får skuleplass på Dale barne- og ungdomsskule frå skuleåret 2017/2018
4. Det vert oppretta ein mottaksklasse for minoritetspråklege elevar frå heile kommunen ved Dale barne- og ungdomsskule frå skuleåret 2017/2018

5. Elevar frå Stanghelle skulekrins får skuleplass ved Dale barne- og ungdomsskule frå skuleåret 2019/2020. Iverksetjing føreset vedtak om nytt skulebygg og at det er ferdigstilt
6. Elevar frå Vaksdal skulekrins får skuleplass ved Dale barne- og ungdomsskule skuleåret 2019/2020. Iverksetjing føreset vedtak om nytt skulebygg og at det er ferdigstilt
7. Forskrift om skulekrinsar i Vaksdal vert handsama i eiga sak når skulestrukturen er endeleg vedteke

Rådmannen vil òg leggja fram eit alternativt framlegg for å imøtekoma eit ev. fleirtal for å halde fram med skulestrukturen som i dag. Eit slikt alternativ bør ha ei avklaring av Modalsplassane.

1. Skulestrukturen i Vaksdal kommune vert ikkje endra frå skuleåret 2017/2018. Kjøp av elevplassar frå Modalen kommune vert avslutta etter skuleåret 2016/2017 og elevane vert frå hausten 2017 tilbakeført til eigen kommune.

Skulestrukturen i Vaksdal vert tatt opp til ny vurdering dersom elevtal eller rammevilkår endra seg slik at det faglege tilbodet vert svekka utover det som ligg i økonomiplan 2016-2019 eller etter oppdrag frå politisk nivå.

Forskrift om skulekrinsar i Vaksdal vert handsama i eiga sak når skulestrukturen er endeleg vedteke.